

# Innkalling til oppstartsmøte i 8. mars-initiativet i Bergen

## Tid og stad

Tid: Onsdag 25. september 2024, kl. 17.00

Stad: Vestre strømkai 7, 6. etasje

Nye saker og framlegg kan sendast til: [8.mars.initiativet@gmail.com](mailto:8.mars.initiativet@gmail.com).

## Framlegg til dagsorden

1. Konstituering
2. Vedtekter
3. Rekneskap
4. Budsjett
5. Hovudtema
6. Innspel til arbeidsutvalet
7. Val
8. Ymse

## 1 Konstituering

### 1a Dagsorden

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet vedtek arbeidsutvalet sitt framlegg til dagsorden.*

## **1b Forretningsorden**

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet vedtek arbeidsutvalet sitt framlegg til forretningsorden.*

## **1c Val av ordstyrar, referent, teljekorps og protokollunderskriverar**

*Framlegg frå arbeidsutvalet: Allmøtet vel Katrine Froestad som ordstyrar, Sara Bell som møteleiar og Laura Orvokki Kursula som referent. Allmøtet vel to til å skriva under på møtereferatet, og eit teljekorps på to. Ved avstemmingar tel teljekorpset røystene i lag med ein representant for arbeidsutvalet og den som gjorde framlegget.*

## **2 Vedtekter**

Det er høve til å gjera framlegg om endring av [vedtektene](#).

## **3 Rekneskap**

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet godkjenner rekneskapen for rekneskapsåret 2023-2024.*

## **4 Budsjett**

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet vedtek arbeidsutvalet sitt framlegg til budsjett.*

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å revidera budsjettet innfor den vedtekne ramma.*

## **5 Hovudtema**

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet vedtek fylgjande hovudtema for årets 8.mars-initiativ: vald mot kvinner.*

## **6 Innspel til arbeidsutvalet**

Arbeidsutvalet ber allmøtet om idéar til:

- Appellantar
- Tema for innearrangement

## **7 Val**

### **7a Val av leiar**

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet vel Beate Trovik som leiar for 8. mars-initiativet i Bergen.*

### **7b Supplering av arbeidsutvalet**

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet supplerer arbeidsutvalet med Ingrid Bøen.*

Arbeidsutvalet ynskjer at fleire stiller til val til medlemar av arbeidsutvalet, eller melder seg som friviljuge.

### **7c Andre verv**

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å setja ned grupper av friviljuge til å utføra påkomande oppgåver.*

*Framlegg frå arbeidsutvalet: allmøtet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å velja revisor.*

## **8 Ymse**